



Bykle kommune
Bykle ser langt

PLANINITIATIV

for endring av reguleringsplan for Bykle sentrum, planID 201012.



Utarbeidet av: Bykle kommune v/planavdelinga

Datert: 20.11.2025

Innhold

Ansvarlege	3
Formålet med planen	3
Planområdet og omgivnadene	3
Planavgrensing og lokalisering	3
Planavgrensing	4
Nærområdet	5
Plansituasjon og føringar	7
Kommuneplanens samfunnsdel	7
Kommuneplanens arealdel	7
Gjeldande reguleringsplan	7
Anna planarbeid	8
Presentasjon av prosjektet / planidéen	8
Tiltakets virkning på, og tilpasning til, landskap og omgivelser	9
Samfunnssikkerhet	9
Vurdering i forhold til om tiltaket er omfatta av forskrift om konsekvensutredninger	9
Planprosessen og samarbeid / medverking	9
Vedlegg:	10

Ansvarlege

Fagkyndig	Planavdelinga Bykle kommune	
	Kontaktperson	Anne S. Lislevand
	E-post	anne.lislevand@bykle.kommune.no
	Telefon	+47 922 68 146
Forslagsstillar	Bykle kommune	
	Kontaktperson	Plansjef Signe Sollien Haugå
	E-post	signe.sollien.hauga@bykle.kommune.no
	Telefon	482 37 300
Heimelshavar	Bykle kommune og Statens vegvesen	

Formålet med planen

(jf. forskriftens §1, andre ledd bokstav a)

Hensikta med planen er å byggje eit nytt sentrumsbygg i Bykle. Prosjektet skal plasserast på YX-tomta, der det er bensinstasjon og busshaldeplass i dag.

Det nye prosjektet skal bidra til å styrke sentrum i bygda. Det nye bygget vil innehalde moglegheit for daglegvarebutikk og 6 leilegheiter. Det skal opparbeidast eit funksjonelt og godt uteområde, og ein tursti mellom sentrumsbygget og idrettsanlegget. Det ert i tillegg avsett areal til parkeringsplassar, bensinpumpe og ladestasjon.

Endringa av planen vil gje rammar som skal styrke Bykle sentrum ved å etablere ein ny sosial møteplass, samle tenester og gi eit nytt tilbod for sentrale bustader i bygda.

Planområdet og omgjevnaden

(jf. forskriftas §1, andre ledd bokstav b)

Planavgrensing og lokalisering

Planområdet ligg midt i Bykle sentrum, i sørlege del av Bykle kommune. Riksveg 9 går gjennom sentrumsområdet og planområdet ligg på nordsida av denne. Terrenget skrånar nordvestover frå riksvegen, og Bykle hotell ligg like nord for planområdet, eit nivå over eksisterande bensinstasjon. Nord for planområdet er det eit skogsområdet, og nord for dette ligg Bykle rådhus. Nordvest for planområdet ligg Bykle barne- og ungdomsskule, idrettsanlegg og Bykle samfunnshus. Aust for planområdet, på andre sida av vegen ligg næringsområdet Sarvsnetten. Det er ca. 600 m ned til daglegvarebutikken, som og ligg på sørsida av riksvegen.



FIGUR 1. OVERSIKTSKART DER MARKØREN PEIKER CA. MIDT I PLANOMRÅDET.

Planavgrensing

Planområde tek med seg heile felt ABS_1 i gjeldande plan, vegareal SKV_27, kollektivhaldeplass SKH_1, annan veggrunn SAG_T2 og fram til midtlinja av Sarvsvegen langs det aktuelle området.



FIGUR 2. PLANAVGRENSINGA VIST PÅ ORTOFOTO.

Planområdet er på ca. 7900 m². Bykle kommune er grunneigar på det aller mest av arealet, men Sarvsvegen på strekninga er det Statens vegvesen som eig.

Hovudformålet innanfor endringsområdet er bensinstasjon/vegserviceanlegg, samt vegareal. Tilstøytane arealformål er Hotell/overnatting, Idrettsanlegg, friområde, forsamlingslokale og gang- og sykkelveg.

Nærområdet


Det er i dag to tilkomstar inn til området, i sørenden og i nordenden. I nordre del er det etablert ein kollektivhaldeplass. Utforminga av tilkomstar, vegareal og haldeplass er ikkje i tråd med gjeldande plan. Det er romsleg asfaltert areal førre bensinstasjonen som nyttast til parkering og liknande.

Bensinstasjonsbygget har kiosk og areal for kafé, og bygget har i tillegg verkstadareal. Bussen køyrer gjennom området og stoppar på haldeplassen like nord for bensinstasjonen.




FIGUR 3. UTSNITT FRÅ GOOGLEMAPS DER EKSISTERANDE BYGG MED BENSINSTASJON LIGG MIDT I BILDET. BILDET ER TATT MIDT I KRYSSET SARSVSVEGEN/RV9.

Nord for planområdet er det grøne rekreasjonsområde tett på hotell, rådhus og skule. I skogsområdet mellom bensinstasjonen og rådhuset er det etablert gapahuk og Frisbee-bane.



FIGUR 4. KARTET VISAR EIN OVERSIKT OVER GRØNSTRUKTUREN I OMRÅDET. KARTET ER HENTA FRÅ MOGLEHGEITSSTUDIEN FOR BYKLE, UTARBEIDD AV DRONNINGA LANDSKAP, JUNI 2025.



FIGUR 5. STEDJEBEKKEN LIGG LIKE AUST FOR OMRÅDET. KARTET ER HENTA FRÅ MOGLEHGEITSSTUDIEN FOR BYKLE, UTARBEIDD AV DRONNINGA LANDSKAP, JUNI 2025.

Stedjebekken ligg aust for området, delvis i rør under idrettsanlegget.

Terrenget innanfor planområdet skrar nordover frå riksvegen.

Plansituasjon og føringar

(jf. forskriftas §1, andre ledd bokstav g)

Kommuneplanens samfunnsdel

Samfunnsdelen av kommuneplanen vart vedteken i oktober 2024. Stadutvikling i Bykle er eit av satsingsområda i denne, og omtalen av satsingsområdet er gjengjeve nedanfor.

STADUTVIKLING I BYKLE

Bykle sine to tettstader, Hovden og Bykle kyrkjebygd, har kvar sine særpreg og har hatt ulik utvikling. I både tettstadene er det barnehage og barneskule. Bykle kyrkjebygd er kommunesenter med kommuneadministrasjon, skule, ungdomsskule og aldersheim. På Hovden er privat næringsliv ei sterkare drivkraft enn i Bykle. Dersom utviklingstakta i Bykle skal auke, krev dette at kommunen tar ei meir aktiv rolle.

Dette satsingsområdet inneber prioritering av:

- Utviklingsarbeid for Bykle kyrkjebygd med vekt på bustadattraktivitet, nærings- og attraksjonsutvikling basert på lokale fortrinn og stadkjensle
- Sikre rimelege bueiningar og eldretilpassa mindre bueiningar i sentrum
- Kunnskapsformidling og synleggjering av kva produksjon av fornybar kraft har betydd og betyr i det grønne skiftet
- Lokalisere og utvikle pilotprosjekt knytt til arbeid og inkludering til Bykle
- Utvikle lågterskel møteplassar, m.a. gjennom samlokalisering og sambruk av bygg
- Kommunale ressursar til tilrettelegging og investering kommunal infrastruktur og anlegg i Bykle kyrkjebygd.

Planendringa kan bidra til å støtte opp om dette satsingsområdet ved å legge til rette for ein utvikling i dette sentrale området av Bykle.


Kommuneplanens arealdel

Arealdelen av kommuneplanen vart vedteke i 2019. Rullering av denne er under arbeid. I kommuneplanen ligg heile planområdet i sentrumsføremål.

Gjeldande reguleringsplan

Gjeldande reguleringsplan er områdereguleringa “Bykle sentrum” med iverksetjingsdato 20.06.2013, saksnummer 2009/946. I planen er det 6 godkjente dispensasjonar.

Hovudformålet i gjeldande reguleringsplan er arealformålet bensinstasjon/vegsserviceanlegg, felt ABS_1 med juridisk linje “bebyggelse som forutsettes fjernes”, og byggjegrænse mot vegen. Inn- og utkøyring er regulert som køyreveg, felt SKV_27, med to busshaldeplassar regulert som kollektivhaldeplass, felt SKH_1 og SKH_2. Mellom riksveg 9 og inn- og utkøyringa er det eit grønt område regulert annan veggrunn - grøntareal, felt SAG_12.



FIGUR 6. REGULERINGSSTATUS. PLANAVGRENSINGA MARKERT MED RAUD LINE.

Anna planarbeid

Det går føre seg eit arbeid med stadsutviklingsprosjekt for Bykle bygd. Endring av reguleringsplanen er eit av fleire aktuelle tiltak. Eit forslag til strategi og handlingsplan vil bli fremja for høyring vinteren 2025.

Det er sett i gong eit arbeid med detaljregulering for Fleirbrukshall Bykle (planID 202307). Det er kun meldt oppstart av planarbeidet.

Presentasjon av prosjektet / planidéen

(jf. forskriftas §1, andre ledd bokstav c, d og e)

Hensikta med planen er å byggje eit nytt sentrumsbygg. Prosjektet skal plasserast på YX-tomta, der det er bensinstasjon og busshaldeplass i dag. Det nye prosjektet skal samle eksisterande kvalitetar i Bykle for å styrke sentrum i bygda. Prosjektet skal bestå av ei ny bygning med daglegvarebutikk og 6 leilegheiter. Saman med prosjektet skal det etablerast eit uteområde ved sida av butikken, og det skal opparbeidast ein tursti mellom sentrumsbygget og idrettsanlegget. Tilhøyrande skal det vere parkeringsplassar med bensinpumpe og ladestasjon. Endringa skal styrke Bykle sentrum ved å etablere ein ny sosial møteplass, samle tenester og gi eit nytt tilbod for bustad i bygda.

Ved ny plan må fleire av arealformåla endrast og byggjegransa justerast slik at dei tilpassast den framtidige bruken. Parkeringskrav skal definerast i kart og i føresegner. Det må også leggjast til krav for byggeskikk, og % - BYA og mønehøgde. Nye rekkjefølgekrav skal definerast i føresegna for å sikre gode uteområde.

Oppsummering av planlagde endringar:

- Endre arealformål og vurdere justering av avgrensinga av disse
- Vurdere endring av byggjegrænse
- Endre arealformål for veg og kollektivhaldeplass i tråd med eksisterande situasjon
- Vurdere krav for parkering til leilegheitene og for besøkande til daglegvarebutikken.
- Vurdere krav om byggjeskikk, utnytting og høgde
- Vurdere ev. aktuelle rekkjefølgekrav blant anna for utbetring av uteområda

Tiltakets virkning på, og tilpasning til, landskap og omgivelser

(jf. forskriftas §1, andre ledd bokstav b og f)

Tiltaket vil ha avgrensa konsekvensar for omgjevnaden, då dette er eit område som allereie er bygd ned. Det vil ikkje bli bygd ned naturareal.

Endringa gjev rom for å etablere ein daglegvarebutikk, noko som truleg vil føre til at den eksisterande Coop-butikken lenger sør blir flytta eller lagt ned. Konsekvensar av dette for utviklinga av Bykle må bli vurdert i planprosessen.

Samfunnssikkerhet

(jf. forskriftas §1, andre ledd bokstav i)

Tiltaket ligg tett på riksvegen, og det vil bli trafikk inn, ut og gjennom planområdet. Trafikksikkerheit er derfor eit viktig tema. Nærleiken til hovudvegen gjer også at støy er eit tema som må bli vurdert.

Arealane er allereie nedbygd og har tett asfaltdekke på store delar. Handtering av overvatn i området vil bli vurdert.

Det er i dag ein etablert bensinstasjon i området og grunnen er truleg forureina. Handtering av forureina grunn ved ev. tiltak i området skal bli vurdert i prosessen.

Vurdering i forhold til om tiltaket er omfatta av forskrift om konsekvensutredningar

(jf. forskriftas §1, andre ledd bokstav l)

Endringa av planen utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing etter forskrifta.

Planprosessen og samarbeid / medverking

(jf. forskriftas §1, andre ledd bokstav h, j og k)

Dette er ein planprosess i kommunen eigen regi. Lovas krav til høyring og medverknad vil bli følgt. Det vil bli vurdert ev. trong for opne møte undervegs.

Vedlegg:

Skissa av mogelg nytt bygg